

Nytt skjema tilgjengeleg for fastlegane: «Anbefaling om tilrettelegging i kroppsøving»

Bakgrunn

Idrettscampus Bergen er eit samarbeidsorgan mellom fleire store aktørar innan helse, utdanning og idrett i Vestland, som har som hovudmål å styrke arbeidet med fysisk aktivitet, idrett og folkehelse i regionen. Gjennom Kroppsøvingssgruppa har dei sett i gang eit prosjekt som har til hensikt å førebygge fråfall frå kroppsøving i vidaregåande skule. Erfaringa blant lærarar på vidaregåande skular syner at elevar som står i fare for å droppe ut av den vidaregåande opplæringa startar å droppe ut av kroppsøvingstimane. Snaue 10 prosent av elevane i Vestland som begynte på vidaregåande opplæring i 2013 hadde slutta undervegs ved registrering etter fem-seks år. Manglande vitnemål gjer at eleven ikkje kan søkje seg til høgare utdanning, og det vil gjere det vanskelegare å skaffe seg læreplass eller arbeid. Forsking på sosial ulikskap i helse synar òg ein tydeleg samanheng mellom oppnådd utdanningsnivå, seinare helse og forventa levealder. Kroppsøving er dessutan eit fag kor eleven vil vere i, og lære om, fysisk aktivitet, og faget kan difor vere med på å legge grunnlaget for eit fysisk aktivt liv. Fysisk aktivitet har helsefremjande og førebyggjande effektar, og bidreg til sosialt fellesskap og oppleving av meistring.

Kvifor tilrår vi å nytte skjemaet?

Elevar som har ein medisinsk tilstand som gjer at dei ikkje kan ta del i kroppsøvinga på lik linje med andre, kan ofte likevel delta med tilrettelegging. Ifølgje forskrift til Opplæringslova §3-23 skal **fritak i kroppsøving berre nyttast når tilrettelegging ikkje er mogleg**. Mange spør (fast)legen sin om legeerklæring på fritak frå kroppsøving for ein kortare eller lengre periode, slik at eleven kan vere vekke frå kroppsøvingstimane med gyldig dokumentasjon. Sjølv om legeerklæringane er meint som ein anbefaling frå legen til skulen, ligg det ei forventning hos elev og eventuelt pårørande om at eleven ikkje skal ha kroppsøving. Skulane opplever at det er vanskeleg å overprøve ei legeerklæring, og at elevar det er fullt mogleg å lage eit tilpassa kroppsøvingssopplegg for, nyttar legeerklæringa for å sleppe å delta i timane. Alle nyutdanna kroppsøvingslærarar på vidaregåande skular har mastergrad innan kroppsøvingsfaget, og skal difor ha god kompetanse til å kunne tilpasse etter eleven sitt behov, dersom dei veit kva som feilar eleven. Behovet må med andre ord synleggjerast og skildrast i skrivet frå legen. Skrivet frå legen er eit viktig verktøy for kroppsøvingslæraren for å kunne lage eit tilpassa aktivitetsopplegg.

Det er viktig å trygge eleven/pårørande/lærar på at det er bra å vere i fysisk aktivitet, såframt det ikkje er medisinsk indikasjon for noko anna. Det er til stor hjelp for skulen at dette kjem tydeleg fram i ei legeerklæring.

Vi oppmodar òg om at ei legeerklæring om fritak i kroppsøving blir omtala som ei anbefaling. Med dette signaliserer legen at det er skulen som tek avgjerda om eleven kan ha kroppsøving eller ikkje på bakgrunn av legen sine anbefalingar. I anbefalinga bør det kome fram kva tilstand eleven har og kva eleven bør unngå å gjere i den perioden han/ho har tilstanden, slik at kroppsøvingslærarane har reell moglegheit til å tilpasse.

Ei gruppe fastlegar og kroppsøvingslærarar har bidrege til å utarbeide skjemaet «Anbefaling om tilrettelegging i kroppsøving» (sjå neste side). Skjemaet vil bli evaluert i løpet av hausten både av lærarar og legar.

Korleis nytte skjemaet?

- Skjemaet er tilgjengeleg i Infodoc, for dei legane som nyttar denne EPJ'en.
- Vestland fylkeskommune vil legge skjemaet tilgjengeleg for nedlasting på alle VGS sine nettsider, slik at elevar enkelt kan ta med seg skjemaet når dei skal til legen.
- Skjemaet finst i begge målføre på dei neste sidene i dette skrivet.

Spørsmål eller innspel kan rettast til prosjektleiar Malene Joensen: malene.joensen@helse-bergen.no

Anbefaling om tilrettelegging i kroppsøving

Pasientnavn:

Fødselsdato:

Adresse:

Er du elevens fastlege? JA NEI

Dersom nei, fastlegen sitt navn:

Bakgrunn for tilrettelegging: *Dersom bakgrunn/diagnose er nødvendig for å kunne legge til rette, blir årsak til begrensning i deltakelse skrevet her.*

Kan delta (sett kryss)				
Aktivitetsform	Ja	Med litt tilrettelegging	Med mye tilrettelegging	Nei
Ballspill, lek og andre kontaktaktiviteter				
Utholdenhetstrening i form av løp				
Andre former for utholdenhetstrening				
Styrketrening				
Bevegelsestrening og dans				
Svømming				
Koordinasjon og enkle turnøvelser				

Supplerende informasjon
(dersom nødvendig):

T.d. tidsperiode for tilrettelegging, forslag til tilrettelegging, samarbeid skole-hjem om tilpassing (se forslag til tekst under), osv.

«Man anbefaler at foresatte og skole i fellesskap diskuterer tilpassinger, se begrunnelse i eget vedlegg, utarbeidd etter samtykke fra foresatte».

Eleven møter til kroppsøving, og tilrettelegging skjer i samråd med skole og kroppsøvingslærer.

Med vennlig hilsen

Forskrift til opplæringsloven § 3-23:

Elever som ikke kan følge opplæringen i kroppsøvingsfaget, skal få tilrettelagt opplæring så langt dette er mulig for eleven.

Lov om helsepersonell § 6:

Helsepersonell skal sørge for at helsehjelpen ikke påfører pasient, helseinstitusjon, trygden eller andre unødvendig tidstap eller utgift.

Lov om helsepersonell § 15:

Den som utsteder attest, erklæring o.l. skal være varsam, nøyaktig og objektiv. Attest, erklæring o.l. skal være korrekt og bare inneholde opplysninger som er nødvendige for formålet. Attest, erklæring o.l. skal inneholde alle opplysninger som helsepersonellet bør forstå er av betydning for mottakeren og for formålet med attesten, erklæringa o.l. Helsepersonellet skal gjøre det klart dersom attesten, erklæringene o.l. bare bygger på en begrenset del av de relevante opplysningene helsepersonellet har. Helsepersonell som er inhabil etter forvaltningsloven § 6, skal ikke utstede attest, erklæring o.l.

Tilråding om tilrettelegging i kroppsøving

Pasientnamn:

Fødselsdato:

Adresse:

Er du eleven sin fastlege? JA NEI

Dersom nei, fastlegen sitt namn:

Bakgrunn for tilrettelegging: Dersom bakgrunn/diagnose er naudsynt for å legge til rette, vert årsak til avgrensing i deltaking skrive her.

Kan delta (set kryss)				
Aktivitetsform	Ja	Med litt tilrettelegging	Med mykje tilrettelegging	Nei
Ballspel, leik og andre kontaktaktivitetar				
Uthaldstrening i form av løp				
Andre former for uthaldstrening				
Styrketrening				
Rørsletrening og dans				
Symjing				
Koordinasjon og enkle turnøvingar				

Supplerande informasjon
(dersom naudsynt):

T.d. tidsperiode for tilrettelegging, forslag til tilrettelegging, samarbeid skuleheim om tilpassing (sjå forslag til tekst under), osv.

«Ein tilrår at føresette og skule i fellesskap diskuterer tilpassingar, sjå grunngjeving i eige vedlegg, utarbeidd etter samtykke frå føresette».

Eleven møter til kroppsøving, og tilrettelegging skjer i samråd med skule og kroppsøvingslærar.

Med venleg helsing

Forskrift til opplæringslova § 3-23:

Elevar som ikkje kan følgje opplæringa i kroppsøvingfaget, skal få tilrettelagd opplæring så langt dette er mogleg for eleven.

Lov om helsepersonell § 6:

Helsepersonell skal sørge for at helsehjelpa ikkje påfører pasient, helseinstitusjon, trygda eller andre unødvendig tidstap eller utgift.

Lov om helsepersonell § 15:

Den som utsteder attest, erklæring o.l. skal være varsam, nøyaktig og objektiv. Attest, erklæring o.l. skal være korrekt og bare innehalde opplysningar som er nødvendige for formålet. Attest, erklæring o.l. skal innehalde alle opplysningar som helsepersonellet bør forstå er av betydning for mottakaren og for formålet med attesten, erklæringane o.l. Helsepersonellet skal gjøre det klart dersom attesten, erklæringane o.l. bare bygger på en avgrensa del av de relevante opplysningane helsepersonellet har. Helsepersonell som er inhabil etter forvaltningsloven § 6, skal ikkje utstede attest, erklæring o.l.